



**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Rådhuset  
**Dato:** 19.02.2014  
**Tid:** 15:00 – 20:00

**Faste medlemmer som møtte:**

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Reprenter</b>
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Frode Pletten	Medlem	H
Terje Træet	Medlem	H
Arne Prestbø	Medlem	H
Bente Karin Isdahl	Medlem	H
Torstein Grimen	Medlem	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Annar Westerheim	Medlem	AP
Thoralf Åge Røen	Medlem	AP
Harald Rydland	Medlem	KRF
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF
Bård Inge Sørfonn	Medlem	KRF
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP

**Forfall:**

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Reprenter</b>
Grete Marit Veka Maraas	Medlem	SP
Tor Henning Vestbøstad	Medlem	H
Helga Nøtland Auestad	Medlem	KRF

**Varamedlemmer som møtte:**

<b>Namn</b>	<b>Møtte for</b>	<b>Reprenter</b>
Karen Elisabeth R. Sæbø	Grete Marit Veka Maraas	SP
Björg Karin Tislevoll	Tor Henning Vestbøstad	H
Johannes Nesse	Helga Nøtland Auestad	KRF

**Frå administrasjonen møtte:**

<b>Namn</b>	<b>Stilling</b>
Atle Tørnes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
Torgeir Steien	Konst. leiar plan og miljø
Bente Fitjar	Møtereferent

*Wenche Tislevoll*  
Wenche Tislevoll

Harald Rydland

Arne Prestbø

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 1/14	Temamøte kommunestruktur	
PS 2/14	Godkjenning av protokoll	
PS 3/14	Meldingar	
PS 4/14	Val av ny pensjonsordning for folkevalde	
PS 5/14	Adressering i Fitjar	
PS 6/14	Presisering av eigedomsskattevedtaket i budsjettet - nyare bustader	
PS 7/14	Lånopptak i høve kjøp av eigedom til omsorgs- og bustadsføremaal - fornya lånefullmakt	
PS 8/14	Søknad om utviding av bompengerperioden for E39 Halhjem - Sandvikvåg	
PS 9/14	Barnehegestrukturen i Fitjar kommune	
PS 10/14	Høyring Ferjerute Halhjem-Sandvikvåg frå 2017	
PS 11/14	Reaksjonar mot ulovleg bygging. Bruk av rettsbrotsgjebyr på området for Plan- og bygningslova	
PS 12/14	Busetting av flyktningar	
PS 13/14	Ymse	

Møtet opna med presentasjon frå Fitjar Mekaniske Verkstad v/direktør Hugo Strand, vedk. utbyggingsplanar og reguleringsplan for området deira.

Innkalling og sakliste godkjent.

## **PS 1/14 Temamøte kommunestruktur**

### **Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.  
Endeleg sak vert å leggja fram for kommunestyret.

### **Behandling i Formannskapet - 11.02.2014:**

Ordførar Wenche Tislevoll orienterte om bakgrunn for saka. Formannskapet drøfta saka. Saka vert lagt føre som temasak i kommunestyret 19.02.2014.

### **Tilråding til kommunestyret:**

### **Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

Temamøtet starta med innleiing frå Harry Herstad, der han sette lys på mandatet til Ekspertutvalet for kommunereforma, som er nedsett av regjeringa. Kommunestyret vart delt i 3 grupper, og drøfta følgjande spørsmål:

1. Kva meiner du om alvoret i situasjonen?

2. Kva kommunar burde slå seg saman her i Sunnhordland?
3. Kva fordelar ser du med dette?
4. Kva hindringar ser du?
5. Kva bør Fitjar gjera før ein kommunesamanslåing finn stad?
6. Korleis ivareta eit godt lokaldemokrati i ein større kommune?

Konklusjonar frå kvar gruppe vart presentert i plenum.

#### Gruppe 1:

1. Me ser alvoret, endringar vil skje innan 2020
2. Fitjar/Stord/Bømlo/Tysnes (Kvinnherad ytre?, Austevoll)
3. Bete lokaldemokratisk styring av tenester, jamnare kvalitet på tenester, større fagmiljø
4. Lokal identitet avtar, lokalt fellesskap avtar. Sentralisering.
5. Gjere viktige investeringar. God dialog/avtalar med nabokommunar.
6. Desentralisera tenester/administrasjon

#### Gruppe 2:

1. Alvoret i situasjonen er at små/mindre kommunar ikkje vert i stand til å løysa oppgåvene dei har. Klarer ikkje å rekruttera fagpersonell. Oppretthalda fagmiljø.
2. Geografisk Fitjar, Stord, Bømlo. Fitjar, Stord, Bømlo, Tysnes, Austevoll, Sveio.
3. Vert i stand til å ivareta dei oppgåvene dei skal ivareta.
- 4.
5. Vera med i prosessen.
6. Sørge for å ha engasjerte personar i politikken.

#### Gruppe 3:

1. Fakta: utgifter til adm. I forhold til innbyggjartal? (s. 41)  
Alvorleg? Regjeringsvedtak, men veit me kva dei ynskjer?
2. Berre Stord + Fitjar er for lite, med Bømlo i tillegg er me robuste  
Usikre på kva me meiner om Tysnes og Austevoll.
3. Fordeler (sjå ovanfor)  
Bete tenestetilbod  
Mindre sårbare, mindre avhengige av enkeltpersonar  
Ta over/ta tilbake igjen oppgåver som no ligg hos IKS og fylkesmann/-kommune og staten.
4. Ulemper  
Dårlegare lokaldemokrati  
Lengre avstand mellom innbyggjarane og kommuneadm.  
Engasjement?  
Fleire sentrum – kniving mellom?
5. Kan koma hindringar – bør gjera det me ynskjer:  
Veg til Dåfjorden  
Helsestasjon/legesenter  
Sjukeheims plassar
6. Me har lite tru på eit godt lokaldemokrati i ein stor kommune.  
Mandat frå krinsane?  
Vindmølleskatt til Fitjar  
Separate delbudsjett  
Barnehageplassar, gamleheims plassar

#### Vedtak:

### PS 2/14 Godkjenning av protokoll

#### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner protokoll frå møte 18.12.2013.

## **Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 3/14 Meldingar**

### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek meldings sakene til vitande.

## **Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

Økonomisjef Trond Salmo orienterte om foreløpig årsavslutning rekneskapen 2013. Rådmann Atle Tornes orienterte om skatteinnngongen for januar 2014. Denne er dårleg, saka vert følgd opp med skatteoppkrevjar. Representanten Lars Ove Rimmereid (SP) kommenterte at det ikkje kan vera lovleg å «tildela» utbygging av helsesenter til FKIB, som er eit privat aksjeselskap. Teknisk sjef Tore Nesbø orienterte om status Rimbareid skule.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 4/14 Val av ny pensjonsordning for folkevalde**

### **Framlegg til vedtak:**

1. Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

## **Behandling i Formannskapet - 11.02.2014:**

Ordføraren vart samrøystes erklært habil i denne saka, jfr. Kommunelova § 40, pkt. 3a. Ass. rådmann Andreas Moe Larsen orienterte om saka. Formannskapet drøfta saka.

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

1. Fitjar kommune skal ha pensjonsordning for folkevalde.
2. Fitjar kommune melder folkevalde som ordninga omfattar, inn i den ordinære tenestepensjonsordninga for dei tilsette.
3. Folkevalde med større del av full godtgjersle enn 33/100 skal delta i ordninga.
4. Folkevalde får høve til å delta i AFP-ordninga frå 62 år.

## **Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 5/14 Adressering i Fitjar**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet som namnemynde rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommune vedtek det framlagte forslaget til ny adressering, og godkjenner dei framlagte forslaga til namn, slik dei går fram av vedlegg 1 og 2.

Vedtak om nye namn vert vidaresendt til Sentralt Stedsnavnsregister(SSR) til endeleg godkjenning.

Godkjende namn vert deretter lagt inn i matrikkelen, og adressar tildelt kvar einskild adressepliktig eigedom.

### **Behandling i Formannskapet - 11.02.2014:**

Dokument «Førebelse merknader i ein del vegnamnsaker» frå Stadnamntenesta på Vestlandet sendt til Formannskapet på iPad før møtet. Namnenemnda deltok i saka.

Rådmann Atle Tornes orienterte om bakgrunn for saka. Namnenemnda kom med innspel i saka. Formannskapet drøfta saka med namnenemnda, og legg føre slikt tillegg til tilrådinga:

Namnet på FV 545 frå Fitjar sentrum til kommunegrensa skal framleis vera Fitjarvegen. Nummerering vert samordna med tilsvarande veg i Stord.

**Fv75** frå Synningjo til vegkryss mot FV 545 i Øvrabygda får vegnamn **Storavassvegen**.

**Sideveg til Fv75** som har fått namn Nesjavegen, blir endra til **Hellandsvegen**.

Rossneshage – blir **Rossneshagen**.

Storavikjo blir **Storavikvegen**.

Øvre Fiskanaset blir **Øvra Fiskanaset**

Formannskapet ber kommunestyret om å vurdere skrivemåten i fylgjande namn(merknader frå Stadnamntenesta):

**Rossneshagen** – fare for forveksling(merknad frå Stadnamnteneste). Evt.til **Rossneshagevegen**.

**Rossneslio/Rossneslivegen** (merknad frå Stadnamnteneste)

**Mosamyro/Mosamyrvegen** (merknad frå Stadnamnteneste)

**Hogstevegen/Hovstadvegen** (merknad frå Stadnamnteneste)

Formannskapet får fullmakt til å endra og fastsetja endelege namn, dersom SSR/Stadnamntenesta har vesentlege merknader til namneforslaga.

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommune vedtek det framlagte forslaget til ny adressering, og godkjenner dei framlagte forslaga til namn slik dei går fram av vedlegg 1 og 2, med fylgjande endringar:

Namnet på FV 545 frå Fitjar sentrum til kommunegrensa skal framleis vera Fitjarvegen. Nummerering vert samordna med tilsvarande veg i Stord.

**Fv75** frå Synningjo til vegkryss mot FV 545 i Øvrabygda får vegnamn **Storavassvegen**.

**Sideveg til Fv75** som har fått namn Nesjavegen, blir endra til **Hellandsvegen**.

Rossneshage – blir **Rossneshagen**.

Storavikjo blir **Storavikvegen**.

Øvre Fiskaneset blir **Øvra Fiskaneset**

Formannskapet ber kommunestyret om å vurdera skrivemåten i fylgjande namn(merknader frå Stadnamntenesta):

**Rossneshagen** – fare for forveksling(merknad frå Stadnamnteneste). Evt.til **Rossneshagevegen**.

**Rossneslio/Rossneslivegen** (merknad frå Stadnamnteneste)

**Mosamyro/Mosamyrvegen** (merknad frå Stadnamnteneste)

**Hogstevegen/Hovstadvegen** (merknad frå Stadnamnteneste)

Vedtak om nye namn vert vidare sendt til Sentralt Stedsnavnsregister(SSR) til endeleg godkjenning.

Godkjende namn vert deretter lagt inn i matrikkelen, og adressar tildelt kvar einskild adressepliktig eigedom.

Formannskapet får fullmakt til å endra og fastsetja endelege namn, dersom SSR/Stadnamntenesta har vesentlege merknader til namneforslaga.

#### **Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

Representanten Arne Prestbø (H) kom med framlegg om å stryka dei alternative namneforslaga, slik at opprinnelege namn vert ståande.

Representanten Agnar Aarskog (AP) kom med framlegg om å stryka opprinneleg namneforslag, slik at stadnamntenesta sitt forslag vert ståande.

#### **Røysting:**

Representanten Arne Prestbø (H) sitt framlegg fekk 15 røyster.  
Agnar Aarskog (AP) sitt framlegg fekk 2 røyster, og fall.

Det ligg etter dette føre slikt;

#### **Vedtak: (15 – 2)**

Fitjar kommune vedtek det framlagte forslaget til ny adressering, og godkjenner dei framlagte forslaga til namn slik dei går fram av vedlegg 1 og 2, med fylgjande endringar:

Namnet på FV 545 frå Fitjar sentrum til kommunegrensa skal framleis vera Fitjarvegen. Nummerering vert samordna med tilsvarande veg i Stord.

**Fv75** frå Synningjo til vegkryss mot FV 545 i Øvrabygda får vegnamn **Storavassvegen**.

**Sideveg til Fv75** som har fått namn Nesjavegen, blir endra til **Hellandsvegen**.

Rossneshage – blir **Rossneshagen**.

Storavikjo blir **Storavikvegen**.

Øvre Fiskaneset blir **Øvra Fiskaneset**

Kommunestyret vedtek opprinneleg skrivemåte på fylgjande namn:

**Rosneshagen**  
**Rosneslio**  
**Mosamyro**  
**Hogstevegen**

Vedtak om nye namn vert vidaresendt til Sentralt Stedsnavnsregister (SSR) til endeleg godkjenning.

Godkjende namn vert deretter lagt inn i matrikkelen, og adressar tildelt kvar einskild adressepliktig eigedom.

Formannskapet får fullmakt til å endra og fastsetja endelege namn, dersom SSR/Stadnamntenesta har vesentlege merknader til namneforslaga.

## **PS 6/14 Presisering av eigedomsskattevedtaket i budsjettet - nyare bustader**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Bustadhus(ikkje hytter) som er inntil 5 år gamle, skal ha halv eigedomsskatt.

### **Behandling i Formannskapet - 11.02.2014:**

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Bustadhus (ikkje hytter) som er inntil 5 år gamle, skal ha halv eigedomsskatt.

### **Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 7/14 Lånopptak i høve kjøp av eigedom til omsorgs- og bustadsføremaal - fornya lånefullmakt**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre fornyar låneramma på 4,5 mill. kroner til kjøp av omsorgsbustad/bustader for vanskelegstilte.

### **Behandling i Formannskapet - 21.01.2014:**

**Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommunestyre fornyar låneramma på 4,5 mill. kroner til kjøp av omsorgsbustad/bustader for vanskelegstilte.

**Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 8/14 Søknad om utviding av bompengerperioden for E39 Halhjem - Sandvikvåg**

**Framlegg til vedtak:**

Formannskap rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommune stør søknaden om utviding av bompengerperioden for E39 Halhjem-Sandvikvåg for perioden 1. januar 2015 til 1. januar 2017.

Kommunestyret har ikkje merknader til at bompengepåslaget på taksten vert redusert frå 5 til 3 takstsonar frå 1. januar 2015.

**Behandling i Formannskapet - 21.01.2014:**

**Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommune stør søknaden om utviding av bompengerperioden for E39 Halhjem-Sandvikvåg for perioden 1. januar 2015 til 1. januar 2017.

Kommunestyret har ikkje merknader til at bompengepåslaget på taksten vert redusert frå 5 til 3 takstsonar frå 1. januar 2015.

**Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

Ordfører Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka.

**Vedtak: (16 mot 1 røyst (FRP))**

Som framlegg.

**PS 9/14 Barnehegestrukturen i Fitjar kommune**

**Framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst og omsorg rår Kommunestyret til å gjera følgjande vedtak.

1. Fitjar kommune inngår ein avtale med Fjellheim friluftsbarnehage om at dei får



førsteretten til gradvis å opna ein ny avdeling med inntil 10/20 plassar dersom det vert mangel på barnehageplassar i Fitjar kommune. Dvs. i høve til barn som har rett til barnehageplass jf. statlege føringar.

2. Det er ein føresetnad at kommunen ikkje får auka utgifter til barn utan rett til barnehageplass.
3. Administrasjonen i kommunen får løyve til å inngå ein slik avtale.

#### **Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 04.02.2014:**

Skulesjef John Karsten Raunholm orienterte om at situasjonen hos eigarane i Fjellheim har endra seg mykje i det siste, og at det vil vera for seint å venta med politisk handsaming til neste utvalsmøte. Difor vart denne saka lagt føre i møtet i dag.

Rådmann Atle Tornes og skulesjef John Karsten Raunholm orienterte om saka, og svara på spørsmål frå utvalet. Utvalet drøfta saka grundig.

#### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

1. Fitjar kommune inngår ein avtale med Fjellheim friluftsbarnehage om at dei får førsteretten til gradvis å opna ein ny avdeling med inntil 10/20 plassar dersom det vert mangel på barnehageplassar i Fitjar kommune. Dvs. i høve til barn som har rett til barnehageplass jf. statlege føringar.
2. Det er ein føresetnad at kommunen ikkje får auka utgifter til barn utan rett til barnehageplass.
3. Administrasjonen i kommunen får løyve til å inngå ein slik avtale.

#### **Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

Skulesjef John Karsten Raunholm orienterte om bakgrunn for saka. Representanten Arne Prestbø (H) stilte spørsmål ved lovligheten av pkt 1 i tilrådinga. Svar frå skulesjefen at det ikkje er tilsvarande saker å samanlikna praksis med, administrasjonen vurderer dette som ei lovleg tilråding.

Kommunestyret vart heva for gruppemøte.

Det kom framlegg om tillegg til pkt. 3 i tilrådinga: Avtalen fell bort dersom FUS ikkje har overteke drifta innan 01.05.2015.

Framlegget frå gruppemøtet vart trekt.

Representanten Arne Prestbø (H) kom med framlegg om at saka vert utsett. Framlegget vart trekt.

Representanten Harald Rydland (KRF) kom med følgjande framlegg:

Kommunestyret gir fullmakt til formannskapet om å godkjenna evt. avtale om utviding av barnehagen. Kommunestyret får orientering i neste møte.

#### **Røysting:**

Administrasjonen sitt framlegg fekk 0 røyster, og fall.

Representanten Harald Rydland (KRF) sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det ligg etter dette føre slikt;

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Kommunestyret gir fullmakt til formannskapet om å godkjenna evt. avtale om utviding av barnehagen. Kommunestyret får orientering i neste møte.

## **PS 10/14 Høring Ferjerute Halhjem-Sandvikvåg frå 2017**

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar formannskap rår kommunestyret til å sende slik høyringsuttale:

For Fitjar kommune er det sers viktig at regulariteten vert oppretthalden og at rutetilbodet vert betra ifrå dagens situasjon.

Ved ruteplan for 3 ferjer vil det vera eit ynskje at rutetilbodet blir auka slik at ein får halvtimes ruter frå 06:00 til 24:00, alle dagar. Viss det av driftstekniske årsaker er absolutt nødvendig med eit opphald med ei ferje på dagtid, kan me akseptera laurdagsrutene, og seinare start med tre ferjer enn sundag kl. 06.00.

Ved ruteplan for 4 ferjer vil det vera eit krav at minimum halvtimes ruter blir oppretthalde frå 06:00 til 24:00, alle dagar.

Det må tas omsyn til øvrige rutetilbod, slik som internasjonale flyruter, og annan gjennomgåande trafikk, slik at ferjetilbodet «korresponderer» med desse. Særleg gjeld dette på kvelds- og nattestid.

I begge alternativa bør nattferja(ene) gå kontinuerleg, med vanleg rutefart. I tilfellet med 4 ferjer bør det gå to nattferjer.

### **Behandling i Formannskapet - 11.02.2014:**

#### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

For Fitjar kommune er det sers viktig at regulariteten vert oppretthalden og at rutetilbodet vert betra ifrå dagens situasjon.

Ved ruteplan for 3 ferjer vil det vera eit ynskje at rutetilbodet blir auka slik at ein får halvtimes ruter frå 06:00 til 24:00, alle dagar. Viss det av driftstekniske årsaker er absolutt nødvendig med eit opphald med ei ferje på dagtid, kan me akseptera laurdagsrutene, og seinare start med tre ferjer enn sundag kl. 06.00.

Ved ruteplan for 4 ferjer vil det vera eit krav at minimum halvtimes ruter blir oppretthalde frå 06:00 til 24:00, alle dagar.

Det må tas omsyn til øvrige rutetilbod, slik som internasjonale flyruter, og annan gjennomgåande trafikk, slik at ferjetilbodet «korresponderer» med desse. Særleg gjeld dette på kvelds- og nattestid.

I begge alternativa bør nattferja(ene) gå kontinuerleg, med vanleg rutefart. I tilfellet med 4 ferjer bør det gå to nattferjer.

### **Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

Framlegg frå representantane Bente Karin Isdahl (H) og Terje Træet (H): Siste setning skal lyda slik: I tilfellet med 4 ferjer bør det gå to nattferjer, med 1 times frekvens.

Framlegget frå Høgre vart samrøystes vedteke, og det ligg føre slikt;

### **Vedtak: (Samrøystes)**

For Fitjar kommune er det sers viktig at regulariteten vert oppretthalden og at rutetilbodet vert betra ifrå dagens situasjon.

Ved ruteplan for 3 ferjer vil det vera eit ynskje at rutetilbodet blir auka slik at ein får halvtimes ruter frå 06:00 til 24:00, alle dagar. Viss det av driftstekniske årsaker er absolutt nødvendig med eit opphald med ei ferje på dagtid, kan me akseptera laurdagsrutene, og seinare start med tre ferjer enn sundag kl. 06.00.

Ved ruteplan for 4 ferjer vil det vera eit krav at minimum halvtimes ruter blir oppretthalde frå 06:00 til 24:00, alle dagar.

Det må tas omsyn til øvrige rutetilbod, slik som internasjonale flyruter, og annan gjennomgåande trafikk, slik at ferjetilbodet «korresponderer» med desse. Særleg gjeld dette på kvelds- og nattestid.

I begge alternativna bør nattferja(ene) gå kontinuerleg, med vanleg rutefart. I tilfellet med 4 ferjer bør det gå to nattferjer, med 1 times frekvens.

### **PS 11/14 Reaksjonar mot ulovleg bygging. Bruk av rettsbrotsgjeld på området for Plan- og bygningslova**

#### **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommune startar arbeid med oppfylgning av eventuelle ulovlege tiltak i kommunen, etter retningslinene som er skissert i trinn 1, samt vedlegg 3- 5, i saka, herunder bruk av rettsbrotsgjeld.

Trinn 2 vert ikkje sett i verk no.

Utval for plan og miljø får tildelt fullmaktene etter § 32- 1 – 32-9 i Plan- og bygningslova. Fullmakt etter §§ 32-1 – 32- 4 blir vidaredelegert til rådmannen. Tildelt fullmakt til rådmannen etter § 32-8 vert trekt tilbake.

#### **Behandling i Utval for plan og miljø - 12.02.2014:**

Rådmann orienterte om saka i møte.

#### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommune startar arbeid med oppfylgning av eventuelle ulovlege tiltak i kommunen, etter retningslinene som er skissert i trinn 1, samt vedlegg 3- 5, i saka, herunder bruk av rettsbrotsgjeld.

Trinn 2 vert ikkje sett i verk no.

Utval for plan og miljø får tildelt fullmaktene etter § 32- 1 – 32-9 i Plan- og bygningslova. Fullmakt etter §§ 32-1 – 32- 4 blir vidaredelegert til rådmannen. Tildelt fullmakt til rådmannen etter § 32-8 vert trekt tilbake.

#### **Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 12/14 Busetting av flyktningar****Framlegg til vedtak:**

1. Formannskapet vedtek at Fitjar kommune ikkje tek imot flyktningar i tidsrommet 2014-2016.

**Alternativ tilråding:**

1. Rådmannen skal greia ut kva konsekvensar mottak av flyktningar får for det kommunale tenesteapparatet. Utgreiinga skal meldast til formannskapet som eigen sak innan utgangen av september 2014.
2. Formannskapet set av kr 200 000 til utgreiinga. Løyving blir teke frå posten 1000.14900 tilleggs- og nye løyvingar.
3. Formannskapet kjem attende til om kommunen skal ta imot flyktningar og eventuelt talet på flyktningar etter at rådmannen har levert sin utgreiing.

**Behandling i Formannskapet - 21.01.2014:**

**Ordførar Wenche Tislevoll (H)** kom med framlegg om å sende saka til handsaming i Utval for oppvekst og omsorg som tilrår kommunestyret til å gjera vedtak. Formannskapet hadde ikkje merknader til dette.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Saka vert sendt Utval for oppvekst og omsorg som tilrår kommunestyret til å gjera vedtak.

**Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 04.02.2014:**

Ass. rådmann Andreas Moe Larsen orienterte om saka. Utvalet drøfta saka, rådmann Atle Tornes svara på spørsmål frå utvalet.

Utval for oppvekst og omsorg gir følgjande tilråding til kommunestyret:

**Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

1. Rådmannen skal greia ut kva konsekvensar mottak av flyktningar får for det kommunale tenesteapparatet. Utgreiinga skal meldast til kommunestyret som eigen sak innan utgangen av september 2014.
2. Kommunestyret set av kr 200 000 til utgreiinga. Løyving blir teke frå posten 1000.14900 tilleggs- og nye løyvingar.
3. Kommunestyret kjem attende til om kommunen skal ta imot flyktningar og eventuelt talet på flyktningar etter at rådmannen har levert si utgreiing.

**Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

Framlegg frå representanten Thoralf Røen (AP):

Endring i pkt. 2 i framlegget slik: Kommunestyret set av kr 150 000 til utgreiinga. Løyving blir teke frå posten 1000.14900 tilleggs- og nye løyvingar.

Framlegget frå Thoralf Røen (AP) vart samrøystes vedteke, og det ligg føre slikt;

**Vedtak: (Samrøystes)**

1. Rådmannen skal greia ut kva konsekvensar mottak av flyktningar får for det kommunale tenesteapparatet. Utgreiinga skal meldast til kommunestyret som eigen sak innan utgangen av september 2014.
2. Kommunestyret set av kr 150 000 til utgreiinga. Løyving blir teke frå posten 1000.14900 tilleggs- og nye løyvingar.
3. Kommunestyret kjem attende til om kommunen skal ta imot flyktningar og eventuelt talet på flyktningar etter at rådmannen har levert si utgreiing.

**PS 13/14 Ymse****Framlegg til vedtak:****Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om:

- planlagt framdrift på vegutbetring E39 Vistvik-Engevik
- redusert fartsgrense Rimbareid-Vik
- invitasjon til deltaking på lokalvaldagen til hausten, arrangert av kommunal- og moderniseringsdep. Påmelding innan 1. mars.

**Vedtak:**